



Virksomheten det rapporteres for

Navn på virksomhet: Nynorsk kultursentrum

Institusjon

Om institusjonen

Navn: NYNORSK KULTURSENTRUM
Organisasjonsnummer: 976013263
Telefonnummer: 70047570
E-post: admin@aasentunet.no
Bankkontonummer: 3991.40.21530

Besøksadresse

Adresse: Indrehovdevegen 176
Postnummer: 6160
Poststed: HOVDEBYGDA

Postadresse

Adresse
Postnummer
Poststed

Kontaktperson

Kontaktperson for institusjonen

Fornavn: Ottar
Etternavn: Grepstad
Telefonnummer: 70047570
E-post: ottar.grepstad@aasentunet.no

Økonomi - Egeninntekter

Alle beløp skrives i hele tusen. 1000 = 1

	Budsjett 2016	Revidert regnskap 2016	Budsjett 2017	Søknads- budsjett 2018
Billettinntekter		1 456	875	1 500
Honorar				
Inntekter fra butikk		1 704	1 615	1 800
Inntekter fra kafé		675	830	800
Inntekter fra andre varer				
Utleie av lokaler		155	60	70
Andre tjenester		1 678	1 233	1 500
Sponsorinntekter		385	314	250
Gaver		150	150	150
Andre		540	806	750
Totalt	0	6 743	5 883	6 820

Spesifisering av andre egeninntekter og eventuelt andre kommentarer til egeninntekter

Eigeninntektene aukar i takt med offentlege tilskot og er knytte til årvisse aktivitetar av typen festivalar. Sluttsummane blir også påverka av kor omfattande verksemda er i Den kulturelle skulesekken, der etterspurnaden vil variere frå eit år til neste. I 2016 hadde vi heile åtte produksjonar ute på vegane.

Av andre eigeninntekter utgjer refusjon av administrasjonskostnader 140 000 i 2016, noko meir i BU 2017 og 2018. Vidare utgjorde private gåver og tilskot 273 000 i 2016, og den summen er om lag den same i BU 2017 og 2018.

Økonomi - Offentlig tilskudd

Alle beløp skrives i hele tusen. 1000 = 1

Ordinært offentlig driftstilskudd	Budsjett 2016	Revidert regnskap 2016	Budsjett 2017	Søknads- budsjett 2018
Kulturdepartementet		18 110	19 630	21 330
Fylkeskommune(r)		1 096	944	1 700
Kommune(r)		2 901	2 423	2 800
Annet				
Totalt		0	22 107	22 997
				25 830

Spesifisering av annet offentlig ordinært driftstilskudd

Andre offentlige tilskudd	Budsjett 2016	Revidert regnskap 2016	Budsjett 2017	Søknads- budsjett 2018
Kulturdepartementet		131	239	0
Fylkeskommune(r)				
Kommune(r)				
Den kulturelle skolesekken				
Annet		343	200	220
Totalt		0	474	439
				220

Spesifisering av andre offentlige tilskudd

2016: Kulturrådet 232 000 i sikringsmidlar og tilskot til forskingsprosjekt, restmidlar Språkåret 115 000. 2017: Kulturdepartementet rest prosjektmidlar 239 000 til Språkfakta etter avtale med departementet, Kulturrådet 200 000 til forskingsprosjektet "Museum som minnepolitiske aktørar".

2018: Kulturrådet 220 000 i restmidlar til same forskings- og dokumentasjonsprosjektet.

01.03.2017 09:40:18 AR185114325

Økonomi - Driftskostnader

Alle beløp skrives i hele tusen. 1000 = 1

	Budsjett	Revidert regnskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2016	2016	2017	2018
Utgifter til butikk		1 356	1 206	1 300
Utgifter til kafé		330	328	375
Andre varer og tjenester		4 028	2 197	4 330
Lønnskostnader		13 426	13 233	15 500
Pensjonskostnader		685	614	870
Avskrivninger		591	633	650
Drift av lokaler		1 232	1 284	1 400
Vedlikehold av lokaler/bygg		438	797	900
Husleiekostnader		262	246	350
Andre driftskostnader		6 092	8 057	7 195
Totalt	0	28 440	28 595	32 870

Økonomi - Finansposter og ekstraordinære poster

Alle beløp skrives i hele tusen. 1000 = 1

	Budsjett	Revidert regnskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
Finansposter	2016	2016	2017	2018
Finansinntekter		76	65	70
Finanskostnader		2		
Resultat	0	74	65	70

Ekstraordinære poster

Revidert regnskap 2016

Ekstraordinære inntekter	274
Ekstraordinære kostnader	
Resultat	274

01.03.2017 09:40:18 AR185114325

01.03.2017 09:40:18 AR185114325

Økonomi - Balanse

Alle beløp skrives i hele tusen. 1000 = 1

Anleggsmidler	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016
Immaterielle eiendeler			0
Varige driftsmidler			3 214
Finansielle driftsmidler			0

Omløpsmidler	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016
Varer			967
Fordringer			1 105
Finansielle investeringer			0
Bankinnskudd, kontater o.l.			3 924

Egenkapital	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016
Innskutt egenkapital			270
Opptjent egenkapital			3 779

Gjeld	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016
Langsiktig gjeld			0
Kortsiktig gjeld			5 161

Summering	31.12.2016
Sum eiendeler	9 210
Sum egenkapital og gjeld	9 210

Jeg bekrefter at regnskapet er revidert ☒

Kommentarer til regnskap og balanse. Se hjelpetekst.

Alle rekneskapstala for 2016 inkluderer også drifta av Allkunne AS 1.1.-31.7.2016. Revidert og godkjend avviklingsrekneskap blei send til Kulturdepartementet 1.9.2016. Den reviderte årsrekneskapen i "Årsmelding og rekneskap 2016" som blir send separat, inneheld derimot ikkje rekneskapen for Allkunne AS.

Likvidasjonsvederlag på 274 000 frå Allkunne AS er ført som ekstraordinær inntekt i denne rapporten, men som anna finansinntekt av revisor.

01.03.2017 09:40:18 AR185114325

01.03.2017 09:40:18 AR185114325

Etter at inntektene flata ut i 2014 og 2015 blei det ny vekst i 2016. Kostnadene auka kontrollert mindre enn inntektene frå 2015 til 2016. Vi nådde alle dei økonomiske måla og mange av dei faglege, og alle driftsavdelingane gav overskot. Ein viktig del av dette var inntekter frå tre sponsoravtalar og 112 andre samarbeidspartnarar. Det mest krevjande punktet er å auke inntektene frå butikksalet slik at driftsresultatet for desse kan nærme seg null.

Drifta var styrt i retning av eit resultat som kunne sikre avsetjing til prioriterte investeringar og grunnlaget for eit vedlikehald som vi veit vil auke i åra som kjem. Dei store vedlikehaldsoppgåvene er vi som før a jour med.

Vurdering av den økonomiske utviklingen med hensyn til likviditet

Nynorsk kultursentrum lagar årlege likviditetsbudsjett og styrer investeringar og større kostnader ut frå dette. Vi syter for å fakturere inntekter snarast råd etter leverte varer og tenester, og når vi då styrer kostnadene som best vi kan og greier å drive med overskot, har likviditeten vore god over tid.

Vurdering av den økonomiske utviklingen med hensyn til egeninntekter

Når dei offentlege inntektene aukar, greier vi også å auke marknadsinntektene våre. For kvar krone meir i offentlege tilskot skaffar vi ei krone sjølv. I 2016 auka dei offentlege tilskota med 1,9 millionar, eigeninntektene med 1,7 millionar. Det var eigeninntektene som gav oss den plussen over budsjett som resulterte i eit godt årsresultat.

Vurdering av den økonomiske utviklingen med hensyn til kostnader tilknyttet lønn og pensjon

Nynorsk kultursentrum har like sidan 2000 hatt som mål at samla lønnskostnader skal liggje under godt 60 prosent. Det har vi også greidd. I 2014 utgjorde løn 44 prosent av kostnadene, i 2015 52 prosent og i 2016 47 prosent. Med medlemskap i Statens pensjonskasse utgjorde pensjon 2,4 prosent av alle kostnadene. Det same kostnadsmonsteret gjer seg gjeldande i BU 2017 og 2018.

Vurdering av den økonomiske utviklingen med hensyn til egenkapital

Styret vedtok i 2014 eit mål om at den frie egenkapitalen skulle utgjere minst fire millionar ved utgangen av 2017. Vi treng ein slik reserve ut frå den risikoprofilen verksemda har, mellom anna med to festivalar i porteføljen, og ut frå dei planane vi har for framtida. Målet blei nådd eit år før tida. I tillegg til ein egenkapital på fire millionar har vi no eit vedlikehaldsfond på 450 000.

Vurdering av den økonomiske utviklingen med hensyn til andre sentrale problemstillinger

Styret vil i 2017 vedta ein langsiktig investeringsplan for nødvendige tiltak, og samstundes vedta retningslinjer for bruken av vedlikehaldsfondet. Det største investeringstiltaket i dei anlegga vi alt har, er å byggje eit lager- og reiskapshus i Aasen-tunet; noko slikt blei diverre aldri teke med i planen for Aasen-tunet i 1990-åra. Den prioriterte oppgåva no er å sikre investerings- og driftsmidlar for den nye avdelinga Vinje-senteret.

Vurdering av den økonomiske utviklingen med hensyn til tiltak for å sikre effektiv ressursutnyttelse

Vi omorganiserte drifta av Allkunne i 2016 for å få mest mogleg ut av knappe midlar og styrkje samarbeidet på tvers av avdelingane. Difor blei Allkunne AS avvikla 31.7.2016, og Nynorsk kultursentrum tok frå 1.8. over alle oppgåver og plikter. Vi har alt merka ein positiv effekt.

For eigne midlar byggjer vi i 2017 om Steinhuset i Aasen-tunet til tre varige arbeidspassar og eit ekstra møterom i 2017. Tiltaket er godkjent av fylkeskonservatoren og føreset godkjenning frå Arbeidstilsynet.

Virksomhensens mål for rapporteringsåret

Navn på mål

Drive etablert verksemd vidare på dagens grunnlag

Minst ei ny driftsavdeling før 2020

Globalt nettverk av språkmuseum

Utvide Allkunne til to årsverk

Andre krav og forutsetninger for statstilskuddet i rapporteringsåret

Dei øyremerkte midlane til Vinje-fondet og Allkunne har vore brukte etter føresetnadene. Frå Vinje-fondet løyvde vi 650 000 til fem prosjekt i 2016. Med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget er det også gjort vedtak som påverkar disponibel sum for 2017. Vi merkar at vanskelege tider i pressa aukar interessa for Vinje-fondet frå større aviser. Allkunne utnytta løyvinga for 2016 godt og fekk mange fleire brukarar i 2016 enn året før. Verksemda er fyldig omtalt i "Årsmelding og rekneskap 2016", s. 33 f.

Eventuelle andre kommentarer til årsrapporten

Nynorsk kultursentrum sprengde grenser i 2016 - vi passerte 40 000 gjester, 400 000 økter på nettstadene, hadde fleire born og unge gjester enn nokon gong før og la grunnlaget for Vinje-senteret som ein ny nasjonal kulturinstitusjon utanfor Oslo. Nynorsk kultursentrum har gått frå samla inntekter på om lag 15 millionar i 2010 til 30 millionar i 2016 og åra framover. Samstundes har vi drive effektiv økonomistyring slik at veksten ikkje har svekt resultat eller utsett oss for unødvendig risiko. Med fleire avdelingar og driftsområde står vi også sterkare viss det skulle svikte ein stad eit år. Gjennom auka eigeninntekter har vi også kunna auke eigenkapitalen til det nødvendige nivået for trygg drift og vidare utvikling. Trass i høg aktivitet er sjukefråværet lågt over tid, og det gjekk ned i 2016.

Oppgi målene for virksomheten i søknadsåret

Målnummer	Tittel/beskrivelse
1	Oppbygging av drift Vinje-senteret
2	Ta over Litteraturdagane i Vinje frå 2018
3	Styrkje fellesfunksjonen seinast frå 2019
4	Avklare driftsgrunnlag for Jon Fosse-arkivet
5	Programplan for deltaking i Frankfurt 2019

Strategier og langsiktige planer for de neste tre årene

Vi er det største litteraturmuseet i Noreg, det einaste senteret for lyrikk i mange former i Noreg, det einaste språkmuseet i Norden, det eldste språkmuseet i verda, og vi driv det einaste redigerte leksikonet på nynorsk.

Vi er blant dei få institusjonane som byggjer opp heilt nye museum frå grunnen av på område som ikkje er dekte, og både nasjonalt og internasjonalt skil vi oss ut med strategien om ein høgare himmel om alle musea våre.

Styret vedtek "Visjon og strategi 2028-2021" i juni 2017. Der vil truleg det jamførande perspektivet bli eit styrande element saman med utvida internasjonalt arbeid.

Nynorsk kultursentrum er eit av få museum med fleire nettstader enn hus, og det gir oss ein handlefridom vi skal ta godt vare på.

Prioriterte tiltak

Prioritering	Navn på tiltaket
2	International network of language museums
1	Oppbygging drift Vinje-senteret

Oppsummering og kontroll

Alle beløp skrives i hele tusen. 1000 = 1

Oppsummering av omsøkt beløp	Budsjett 2016	Revidert regnskap 2016	Budsjett 2017	Søknads- budsjett 2018
Kulturdepartementet		18 110	19 630	21 330

Oppsummering av søknad	Budsjett 2016	Revidert regnskap 2016	Budsjett 2017	Søknads- budsjett 2018
Totale egeninntekter	0	6 743	5 883	6 820
Ord. offentlig driftstilskudd	0	22 107	22 997	25 830
Annet offentlig driftstilskudd	0	474	439	220
Totale driftskostnader	0	28 440	28 595	32 870
Driftsresultat	0	884	724	0
Årsresultat	0	1 232	789	70

Oppsummering av balanse	31.12.2016
Sum eiendeler	9 210
Sum egenkapital og gjeld	9 210

Jeg bekrefter at tallene er korrekte ☒

Dersom summene er feil må du korrigere søknaden før den leveres.

01.03.2017 09:40:18 AR185114325

01.03.2017 09:40:18 AR185114325

Avslutning

Har institusjonen sendt separat søknad om investeringstilskudd fra posten Nasjonale kulturbygg for søknadsåret?

- ☒ Ja
☐ Nei

Kort beskrivelse av hva som er omsøkt

1 600 000 i investeringstilskot til basisutstilling Vinje-senteret i samsvar med prosjektplan for Vinje-senteret, datert 29.2.2016.

Jeg er kjent med at søknaden er offentlig.



NB! Budsjettsøknaden må være komplett før den sendes inn. Søknaden kan ikke endres etter innsending.

Andre kommentarer til søknaden

Vi sender eige brev til Kulturdepartementet med ønske om møte med statsråden om Vinje-senteret.

I 2018 søker vi etter planen om sikringsmidlar til sonestyrkt klimaanlegg i Hauge-senteret.

Innsendingsfrist: 01/03

Kommentering av mål for virksomheten

Tittel/beskrivelse av mål

Drive etablert verksemd vidare på dagens grunn

Vurdering av egen mål- og resultatoppnåelse

Nynorsk kultursentrum har i mange år lagt til grunn at alle nye tiltak skal styrkje den verksemda vi alt driv. Full drift av Hauge-senteret frå 2014 har styrkt Aasen-tunet og har oppfylt alle økonomiske mål for den nye avdelinga. Utvekslinga av fagkunnskap og røynsler mellom avdelingane styrkjer det samla arbeidet og hevar kvaliteten, og det effektiviserer drifta. Samstundes legg vi stor vekt på at avdelingane skal ha kvar sine tydelege profilar.

Kommentering av mål for virksomheten

Tittel/beskrivelse av mål

Minst ei ny driftsavdeling før 2020

Vurdering av egen mål- og resultatoppnåelse

Etter initiativ frå Vinje kommune har vi sidan 2011 arbeidd med å leggje grunnlaget for Vinje-senteret for dikting og journalistikk som ei ny driftsavdeling på linje med Aasen-tunet, Hauge-senteret og Allkunne. I ein ambisiøs prosjektplan frå februar 2016 viste vi detaljert kva det nye senteret skal bli, korleis det skal realiserast og når det kan gjerast, kva det vil koste, og kva det vil gi av inntekter. Med ei første løyving av driftsmidlar over statsbudsjettet for 2017 og opptrappa løyving frå Vinje kommune i tråd med føresetnadene i prosjektplanen er vi godt på veg til å nå målet. Etter initiativ frå kommunane Vågå, Lom og Skjåk gjorde vi i 2016 avtale om eit utviklingsprosjekt for ein mogleg ny institusjon i Lom. Det arbeidet går vi inn i med ein open konklusjon. Utviklingsplanen skal liggje føre i mai 2018.

Kommentering av mål for virksomheten

Tittel/beskrivelse av mål

Globalt nettverk av språkmuseum

Vurdering av egen mål- og resultatoppnåelse

Sidan 2008 har vi arbeidd sporadisk med å kartleggje språkmuseum verda rundt. Det har resultert i to publikasjonar av førebels karakter. Hausten 2015 inviterte vi alle desse musea til å bli med i International network of language museums. Dette nettverket blei formelt skipa under den internasjonale museums-kongressen i Milano i juli 2016, og i februar 2017 er 15 museum frå ni land med. Eit første arbeidsmøte blei arrangert i Firenze vinteren 2017, og vi planlegg no ei neste samling i 2018. Direktør Ottar Grepstad er vald som leiar for nettverket fram til 2018.

Kommentering av mål for virksomheten

Tittel/beskrivelse av mål

Utvide Allkunne til to årsverk

Vurdering av egen mål- og resultatoppnåelse

Det har i mange år vore eit mål å kunne utvide staben frå 1,6 til 2,0 årsverk. Det må til for å dekkje dei mange publiseringsbehova og det redaksjonelle oppdateringsarbeidet som Allkunne no går inn i etter snart ti års drift. Med omorganiseringa av Allkunne AS til ei ordinær driftsavdeling i 2016 fekk vi justert kostnader slik at vi frå 2017 har redaktør og redaksjonssekretær i kvar sine fulle årsverk.

Registrering av mål for virksomheten

Tittel/beskrivelse av mål

Oppbygging av drift Vinje-senteret

Beskrivelse av forventede resultater iht. målet

Målet er å opne Vinje-senteret med eit komplett tilbod våren 2020. Dei første arrangementa i regi av Vinje-senteret gjennomførte vi alt i 2016, og vi trappar opp verksemda med jamt nye tilbod i åra som kjem.

Stillinga som dagleg leiar ved Vinje-senteret blir lyst ut i mars 2017, i 2018 vil vi gjere tilsetjingar i to nye stillingar, og i 2019 tilset vi vonleg i den siste faste stillinga. Her følgjer vi regionen frå oppbygginga av Hauge-senteret, som vi meiner er blitt eit svært vellykka tiltak. Vi har vist kva vi kunne få til i Ulvik med sine 1200 innbyggjarar. No skal vi vise kva som er mogleg i Vinje kommune med 3700 innbyggjarar.

I 2016 gjorde vi ein samarbeidsavtale 2017-2020 med Vest-Telemark museum, og vinteren 2017 gjorde vi ein overtakings- og driftsavtale med Vinje kommune. Dermed ligg alt til rette for at vi tek over forvaltninga av det freda kulturminnet Vinjestoga frå 2018. Ein god dialog er også etablert med Telenmark fylkeskommune og nasjonale aktørar.

Slik sikrar vi at det solide lokale fundamentet blir bygt ut vidare ti nasjonalt nivå

Registrering av mål for virksomheten

Tittel/beskrivelse av mål

Ta over Litteraturdagane i Vinje frå 2018

Beskrivelse av forventede resultater iht. målet

Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje har vedteke å be om forhandlingar med oss om å gjere Litteraturdagane i Vinje til ein del av Vinje-senteret, slik Ulvik poesifestival er ein del av verksemda til Hauge-senteret. Ei slik løysing vil styrkje både festival og senter; det er den eintydige erfaringa frå Hauge-senteret.

Forhandlingane tek til våren 2017, og vi reknar med at ein avtale kan presenterast i august 2017.

Det inneber at vi frå 2018 har ansvaret for tre språk- og litteraturfestivalar som alle er godt innarbeidde. Styret vedtok i desember 2016 ein ny langtidsplan for festivalar som tek høgde for ei slik utvikling.

Registrering av mål for virksomheten

Tittel/beskrivelse av mål

Styrkje fellesfunksjonen seinast frå 2019

Beskrivelse av forventede resultater iht. målet

Nynorsk kultursentrum held eit svært høgt aktivitetsnivå og stod i 2016 for 507 eigne arrangement og utstillingar - med berre vel 20 årsverk til rådvelde. Den ekspansjonen som er dokumentert og kommentert ovanfor i økonomirapporten, er gjennomført med same administrative kapasitet som for fem år sidan, og med same kapasitet innanfor kommunikasjon, marknadsføring og digital publisering. I dette ligg at direktøren fyller to fulle roller - direktør og administrasjonssjef. Styret vedtok i desember 2016 at ei stilling som administrasjonssjef må på plass seinast frå 2019 for å sikre forsvarleg arbeidsmengd for alle, samordne arbeidet med inntektsskapande tiltak endå betre og utvikle personalfunksjonen vidare i ein institusjon i vekst. Det neste steget vil vere å etablere ei kommunikasjonsavdeling innan 2020.

Registrering av mål for virksomheten

Tittel/beskrivelse av mål

Avklare driftsgrunnlag for Jon Fosse-arkivet

Beskrivelse av forventede resultater iht. målet

Med støtte frå Kulturrådet og i samarbeid med fleire kulturinstitusjonar la vi i 2008 fram ein omfattande forprosjektrapport om Jon Fosse-arkivet. Dette arkivet er deponert av forfattaren i Aasen-tunet. Vi har enno ikkje funne den høvelege staden for arkivet, knytt til aktiv formidling, heller ikkje den beste driftsmodellen. Dette vil vi avklare innan utgangen av 2018, mellom anna i samråd med Kulturrådet og Kulturdepartementet.

Registrering av mål for virksomheten

Tittel/beskrivelse av mål

Programplan for deltaking i Frankfurt 2019

Beskrivelse av forventede resultater iht. målet

Vi har etablert kontakt med NORLA iom samarbeid fram mot markeringa av Noreg som hovudland ved Frankfurter Buchmesse i 2019. Vår rolle vil vere tiltak som dokumenterer og formidlar den språkdelte norske kulturen, og vi har planlagt ei bok for utgiving hausten 2019 i samarbeid med Samlaget. Dette 2019-tiltaket er eit av fleire større og internasjonale prosjekt i tida 2015-2020.

Registrering av prioriterte tiltak

Alle beløp skrives i hele tusen. 1000 = 1

Navn på tiltaket

International network of language museums

Kostnadsoverslag i hele tusen

750

Gjelder tiltaket søknad om sikringsmidler?

☐ Ja

☒ Nei

Finansieringskilder

Søknadsbudsjett

2018

Egen finansiering

250

Kulturdepartementet

500

Norsk kulturråd

0

Fylkeskommune(r)

0

Kommune(r)

0

Andre offentlige

0

Ikke-offentlig finansiering

0

Begrunnelse

Nynorsk kultursentrum eig og driv det eldste språkmuseet i verda, frå 1898, og vi er også blant dei største språkmusea i verda. I 2018 og 2019 ønskjer vi å utvikle eit definert prosjektsamarbeid med språkmuseum i land som Canada, Nederland, Frankrike, Italia og Sør-Afrika. Prosjekt er under utvikling og inkluderer ein internasjonal konferanse for språkmuseum. Det arbeidet som er gjort frå vår side, gir Noreg høve til å ta ei leiarrolle vidare på eit felt som gjeld noko av det mest grunnleggjande ved det å vere menneske. Over tid bør nettverket bli omforma til ein internasjonal komité i ICOM, som er informert om tiltaket.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressurser

Dette kan vi ikkje få til innanfor den ordinære driftsramma. Vi har alt brukt svært mykje av eiga arbeidstid til å etablere nettverket og få fram ein ganske unik dokumentasjon av all verdas språkmuseum, og skal vi kome vidare på beste vis, treng vi midlar til dette prosjektarbeidet.

Registrering av prioriterte tiltak

Alle beløp skrives i hele tusen. 1000 = 1

Navn på tiltaket

Oppbygging drift Vinje-senteret

Kostnadsoverslag i hele tusen

2 500

Gjelder tiltaket søknad om sikringsmidler?

☐ Ja

☒ Nei

Finansieringskilder

Søknadsbudsjett

2018

Egen finansiering

0

Kulturdepartementet

1 200

Norsk kulturråd

0

Fylkeskommune(r)

700

Kommune(r)

100

Andre offentlige

0

Ikke-offentlig finansiering

500

Begrunnelse

Som det går fram av prosjektplanen for Vinje-senteret, føreset vi fire heiltids arbeidsplassar ved senteret. Dagleg leiar blir tilsett våren 2017, og i 2018 vil vi utvide drifta med to nye medarbeidarar. Frå politisk nivå i Telemark fylkeskommune har vi fått positive signal, likeins frå Telemarksbenken i Stortinget, og Vinje kommune driv no eit aktivt arbeid for å sikre finansiering av byggjeprojektet.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressurser

Dette kjem i tillegg til eksisterande drift. Nødvendig implementering i etablerte driftssystem blir fullført i 2017 innanfor dei budsjetttrammene vi har for det året. Det som ikkje kan målast i kroner, er at vi bruker all vår røynsle frå utvikinga av Aasen-tunet og Hauge-senteret i arbeidet med Vinje-senteret.